



Gjermund Fredheim og Harald Kvasnes spelar på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Gjermund Fredheim er ein svært lovande gitarist og om stutt tid skal han igjen visa kva han kan på heimlege trakter. Han er med i ei gruppe på fire som skal reise rundt til skular også i vårt distrikt.

Med i gruppa er også hans meir eller mindre faste gitarkamerat Harald Kvasnes frå Ålesund, fiolinisten Tor Jaran Apold frå Bergen og trommeslagaren Øyvind Hegg-Lunde frå Solund i Sogn.

Turneen er for 8.-10-årstrinn og finn stad i slutten av mars. I Kvinnherad skal kvartetten innoom dei to ungdomsskulane.på Husnes og i Rosendal, Hatlestrand skule og Øyatun skule.

Den halvtimelange konserten har vignetten 'Tango, blue ray og kastanjettar, spansk og latinamerikansk musikki ei ny og spanande drakt'. Konserten har form av ein forestilling der videokunstnaren Birger Åseson Storaas frå Hardanger gjer sine visuelle opplevingar av musikken.

I introduksjonen av dei fire heiter det at Fredheim såg dagens lys på ei lita ferje i Sunnhordland men at han vart interessert i musikk så snart han fekk fast grunn under beina. Denne interessa førte han etterkvart til ein mastergrad i klassisk gitar ved Griegakademiet i Bergen etter å ha vore innoom dei fleste stilartar frå pop til heavy metal på vegne.

Konserten høyrer inn under paraplyen 'Den kulturelle skulesekken'.

Av Ola Matti Mathisen